

Interpellasjon

Dagaktivitetstilbod til heimebuande personar med demens

Demens er ein av våre store folkehelseutfordringar, og er ein sjukdom som i særleg grad rammar eldre menneske. Sjukdomen er først og fremst ei utfordring for den enkelte som vert ramma av demens, men det får også store konsekvensar for kvardagen til dei pårørande.

Demensplan 2020 er regjeringa sin plan og tiltak for å betra det kommunale helse- og omsorgstenestetilbodet til personar med demens og deira pårørande. Eit av tiltaka i denne planen er å lovfesta kommunane si plikt til å tilby dagaktivitetstilbod til heimebuande personar med demens, gjeldande frå 1.januar 2020.

1.januar 2020 er Meland kommune historie, og me er ein del av Alver kommune. Meland kommune må likevel førebu seg på dei lovkrav som vert gjeldande frå starten av i Alver kommune.

Folketalsutviklinga i Meland viser at den eldre delen av befolkninga aukar sjølv om folkeveksten totalt er svært låg. Det betyr at me må rekna med at talet på personar med demens vil auka framover.

Kva aktivitetstilbod har Meland kommune i dag til heimebuande personar med demens?

Er dette godt nok med tanke på det varsla lovkravet frå 1. januar 2020?

I tilfelle nei på føregåande spørsmål:

Kva planar har Meland kommune for å førebu eit tilbod som er innanfor det varsla lovkravet frå 1. januar 2020?